

SAK 07/22 SØKNAD OM TILSKOT TIL SYKKELRITTET «TOUR OF NORWAY»

Saksopplysning:

Magne Haugen, utføtt åling, har søkt Regionrådet for Hallingdal om støtte på kr 10 000 til eit bokprosjekt om Djup stølssameige. Boka skal trykkast i 300 eks og prosjektet har ei budsjetttramme på kr 90 000.

Vurdering:

Regionrådet for Hallingdal får ofte spørsmål om tilskot til bokutgjevingar av ulike slag. Utgangspunktet har vore at boksprosjekt ikkje blir støtta, dersom det ikkje er spesielle grunnar som talar for det. Bokutgjevinga «Folkesong i Hallingdal» og «Frå sosial bygdeopposisjon til sosialdemokratisk arbeidarrørsle» er to døme på prosjekt som har vorte støtta. I tillegg tok Regionrådet i 2012 ansvaret for å gje ut «Historia om Hallingdal», som kom i 2014. Dette vart på mange måtar regionhistoria, ei bok frå Hallingdal, til Hallingdal og om Hallingdal.

Historia om stølslivet i Djup er viktig å ta vare på, men om ein legg tidlegare praksis til grunn vil ikkje denne boka vera i kategorien «spesielle grunnar». Dagleg leiar meiner at dei midlane me har bør nyttast til prioriterte oppgaver.

Forslag til vedtak:

Regionrådet for Hallingdal gir avslag på søknad frå Magne Haugen om økonomisk støtte til bok om stølslivet i Djup

Hallingdal, 21. jan. 2022

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg: Søknad om støtte til bokprosjekt

Magne Haugen, Hestheia 49, 4790 Lillesand
Hyttedresse: Kvinnegardslie 304, 3570 Ål
E-post: magnhaug@gmail.com
Tlf 99224283

Regionrådet for Hallingdal
Torpomoen 27
3579 Torpo

SØKNAD OM STØTTE TIL BOKPROSJEKT


Det finst mange bokverk som tek for seg støls- og seterulturen i Noreg generelt. Men det er sparsamt med litteratur å finne om stølsgrenda Djup, som avgjort fortener ei bok. Og etter som andre stølslag i Ål har fått sine bøker, som f. eks. Blåbergi/Kråkhamar eller Nystølan/Trettenstølan, så kom eg for nokre år sidan på idéen om å prøve og skrive om Djup. Eg var på stølen der mange sumrar i oppveksten, og eg har seinare feriert der kvart år. Såleis har eg mange gode minne derifrå. Og eg håpar at dette kan bli eit lite bidrag til å halde minnet om den gamle stølskulturen levande for komande generasjonar, slik at «Djup slik det var» ikkje blir gløymt.

Boka vil få tittelen «Djup stølssameige – ei sameige, seks stølar». Den vil ta for seg stølslivet i Djup så langt attende som ein kjenner til frå skriftlege kjelder. Daglegliv på stølen, veghistorie, steinbutradisjonen, buføring, jakt og fiske, turisttrafikk, rettstvistar, reguleringa av vassdraget, stamfiske, fornminnefunn og stadnamn er nokre av emna som vil bli handsama i boka. Nokre barndomsminne og eit par pikante historier vil ein også kunne lesa om.

Sjølv om eg står som initiativtakar, så er dette meir enn eit privat prosjekt. Det å få synleggjort stølslivet og tradisjonane, ja heile stølskulturen, er etter vårt syn ein viktig del av identiteten til ein kulturkommune som Ål. Eg har i heile prosessen hatt godt samarbeid med eigarane, og eg er glad for at Djup stølssameige står saman med meg om dette prosjektet. Planen er at boka skal lanserast hausten 2022.

Vedlagt er kostnadsoverslag og finansieringsplan.

Ål, 02.01.2022


Magne Haugen


Margit Solveig Thon
Djup stølssameige

Bok om Djup stølssameige – førebels budsjett

Kostnader:

Grafisk oppsett	20 000 kr
Trykking 300 eks.	40 000 kr
Distribusjon og påkomande utgifter	12 000 kr
Moms	<u>18 000 kr</u>
SUM	<u>90 000 kr</u>

Finansiering:

Sparebank 1 / Sparebankstiftelsen Hallingdal & Valdres	20 000 kr
Ål kommune	10 000 kr
Regionrådet for Hallingdal	10 000 kr
Djup stølssameige	20 000 kr
Salsinntekt	<u>30 000 kr</u>
SUM	<u>90 000 kr</u>